

## **SOGN REGIONRÅD**

**SOGNATING I BALESTRAND 4. OG 5. APRIL 2022**

## **OPPSUMMERING VED RÅDSLEIAR HILMAR HØL**

Vi er i ferd med å legge bak oss det første Sognatinget i historia.

I alle høve det første etter at tingskipnaden med Gulating og underliggende bygdeting vart avskaffa.

No er det på tide å ta opp att og føre vidare det dei gamle Sogningane forstod:  
At vi treng eit organ som skal fremje interessene og sakene for vår region.

Vi har vore gjennom to spennande dagar der vi har presentert mange av dei gode prosjekta som er gjennomførte eller som er i gang.

Dei to dagane har for meg synt at vi er gode på prosjekt.

At vi har vore gode på å velje ut og setje i gang viktige prosjekt.

Vi har nytta ressursane vår rett.

Vi har vore gode på gjennomføring.

Vi har hatt tilgang på dei rette personane og den gode kompetansen.

Vi er på rett veg.

Denne samlinga har også lært oss at vi skal vidare - eit langt stykke vidare.

Mange av innleiarane har utfordra oss.

Særleg har Heidi og Trine utfordra og inspirert oss.

Samstundes fortalte Jon oss i går at vi truleg vil møte ei framtid der kommunestrukturen vi no har med for mange små kommunar ikkje er framtidsretta for å ivareta interessene i vår kommunar.

I den større samanhengen er alle kommunane våre små.

Vi må difor auke styrken vår ved å bli samde om eit sterkare samarbeid mellom oss.

Her ligg utfordringa.

Vi treng regionråd som eit nivå mellom kommunane og fylkeskommunane og staten.

Og her ligg truleg nøkkelen til å nå dei overordna måla våre, som vi er samde om.

Vi vil ha trygge lokalsamfunn der folk skal trivast.

Innhalda i orda «trygge» og «trivast» er mangfoldige.

Og dei vil variere frå person til person.

Men i hovudsak er vi grunnleggande samde om hovudinnhaldet.

Utfordringa vår vert difor **korleis** vi skal nå måla?

Før eg går litt vidare på det vil eg gå litt inn på nokre av dei måla og krava vi bør stille til den vidare prosessen.

Dette er korkje ei prioritert eller fullstendig liste:

Vi må kommunisere betre og ærleg.

Vi må synleggjere at vi er her for alle og at vi er over alt.

Vi må verte meir samla

Vi må profesjonalisere oss.

Vi må skaffe fram dei ressursane vi treng.

Vi må skaffe oss oversyn over alle aktørane og samarbeidspartane.

Vi må ha møteplassar.

Vi må skape dialog.

Vi må få oss fleire og stabile spleiselag.

Næringslivet, fagorganisasjonar, lag og organisasjonar elles må vere med.

Vi må samordne næringsliv og politikk.

Vi må få eit sterkare kunnskapsgrunnlag.

Vi må vere tverrpoliske utan å viske ut parti plattformene vår.

Vi må ha gode sosiale relasjoner.

Vi må bli betre på lobbyverksemnd.

I den samanheng kan eg opplyse at vi no har avtale med Stortingsbenken om eit møte med dei i slutten av august i år.

Vi må vere langsigktige.

Vi må fortelje ei felles historie.

Vi må fordele oppgåver ut frå styrke og naturlege lokale føresetnader.

Vi må fortelje omverda – regionalt ,nasjonalt og internasjonalt kven vi verkeleg er – kva som er våre kvalitetar, vår kultur og våre mål.

Vi må drive omdømebygging.

Kva bør vi gjere snart?:

Fleire i dei kommunale politiske og administrative organisasjonane må verte sterke involverte og engasjerte i regionrådsarbeidet.

Alle i alle formannskapa må sterke med.

Samstundes må vi prioritere oppgåver og tiltak.

Vi må etablere eit apparat som kan utgreie og prioritere.

Sognatinget må bli fast.

Eg antydar:

Ein gang til i 2022?

2 gonger i 2023 - eit før og eit etter valet?

Så får vi etter det vurdere kor ofte vi skal samlast.

Men vi **MÅ** samlast til Tings!

Alt må vere ein kontinuerleg prosess.

Vi må verte samde om at vi skal skape ein kultur for å inkludere og samarbeide.

Dette er avgjerande.

Og som Trine sa: Samarbeid er eit spørsmål om **vilje**.

Og vi må skape respekt for kvarandre.

Vi må bygge ein kultur som tåler utfordringar og motgang.

For vi skal tenke heilskap og løfte regionen vår.

Då må vi **ta** og **gi**e.

Og vi må ha innbyggjarane våre med på laget – på tenkinga vår.

Det krev at vi finn måtar å involvere dei på og finne ut kva dei meiner vi skal satse på.

Eg håpar desse tankane er noko vi kan ta med heim.

Drøfte i kvar vår kommune og samle innspela.

Så må Sognatinget og Regionrådet etter kvart konkludere og prioritere.

Eg håpar vi kan samlast om ein strategi som er berekraftig.

Som løftar Sogn.

Som gjer oss til ein leiande region i Norge.

Det er bra for Sogn.

Og det er godt for Norge.

Fordi Sogn har dei ressursane, kompetansen, skaparevna og mykje anna som trengst.

Mykje er opp til oss sjølve.

Takk for eit godt og lovande første Sognating.

**God tur heim !**